



SAKSHANDSAMAR
Ivar Nesse-Aarrestad
Lars Erik Eibak Bru

VÅR REF.
20/12338-6

VÅR DATO
01.11.2021

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF. DYKKAR DATO

Se mottakerliste

Klageavgjersle - Vereide prestegard, gnr. 59 bnr. 46 i Gloppen – avslag på søknad om dispensasjon etter kulturminnelova § 8 første ledd

Vi viser til Vestland fylkeskommune sine oversendingsbrev av 8. og 18. desember 2020 over klager fra Opplysningsvesenets fond i brev av 21. november 2020 og Fjellhug/Vereide idrettslag i brev av 8. desember 2020. Klagene gjeld fylkeskommunen sitt vedtak av 11. november 2020 om avslag på søknad etter kulturminnelova (kml) § 8 første ledd om løyve til legging av fast dekke over eksisterande løpebane på det automatisk freda gravfeltet ID 63962, på Vereide prestegard gnr. 59, bnr. 46, Gloppen kommune. Vi viser i tillegg til andre dokument i saka, samt synfaring på staden med representantar fra Fjellhug/Vereide idrettslag, Gloppen kommune og Vestland fylkeskommune den 23. juni 2021.

Avgjerd

Riksantikvaren finn ikkje at det er grunnlag for å endre Vestland fylkeskommune sitt vedtak av 11. november 2020.

Bakgrunn for saka

Gravfeltet på Vereide er eit av dei største gravfelta på Vestlandet, med ca. 200 registrerte gravminne. Undersøkingar i 1992-94 avdekkja at det var i bruk i bronsealder og jernalder, i alle fall fram til Kristi fødsel. I tillegg til gravrøyser med synleg markering på markoverflata, har arkeologiske undersøkingar avdekkja at her finst andre spor etter den forhistoriske busetjinga som ikkje enkelt let seg påvise på markoverflata. Gravfeltet er automatisk freda etter kulturminnelova. I samsvar med kml § 3 første ledd er alle tiltak som kan føre til skade på eller utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne forbodne med mindre det ligg føre løyve etter kml § 8.

I e-post av 29. juni 2020 til Vestland fylkeskommune bad Fjellhug/Vereide idrettslag om løyve til å legge fast dekke på eksisterande løpebane innafor gravfeltet. Søknaden vart forklart nøyare ved seinare korrespondanse og telefonsamtalar mellom idrettslaget og fylkeskommunen. Løpebana vart etablert i 1985 i sørkanten av gravfeltet, ved Vereide skule som seinare vart nedlagt og kor det no er etablert to barnehagar. Bakgrunnen for søknaden er eit ønske om å få eit meir tenleg nærmiljøanlegg for idrettsaktivitetar for barn og unge i området. Grusbana er, etter

søkjar sitt syn, lite hensiktsmessig både for dei som skal nytta bana til uorganisert aktivitet, og for idrettslaget.

Tiltaket vil føre med seg at det blir sprøyta på eit farga gummidekke i ein tjukkleik på 13-16 mm over eit to-sjikts drengesfaltdekket slik at vatnet slepp igjennom og ned i drenssystemet. Det må også leggast drenerande massar i botnen. Det nye dekket vil ha låge, avgrensande kantar.

Vestland fylkeskommune er rette styresmakt til å vurdere om det skal gjevast løyve, basert på tilrådingar frå Universitetsmuseet i Bergen, jf. forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova, § 3 (2).

Det er oppmålt og kartfesta tre gravrøyser som i dag ligg under løpebana, og det ligg ei gravrøy til like sør for bana. I tillegg er det stort potensial for fleire ikkje-dokumenterte strukturar under bakken som truleg har samanheng med bruken av gravfeltet i si tid. Fylkeskommunen vurderer at tiltaket vil føre med seg både direkte inngrep i og utilbørleg skjemming av det automatiske freda gravfeltet.

Merknader frå Universitetsmuseet

Universitetsmuseet i Bergen uttalte seg til søknaden frå idrettslaget ved brev av 4. november 2020. Nyare arkeologiske granskningar syner at gravfeltet på Vereide har fleire kulturminne som er bevart under bakken enn ein kjente til i 1985. Imellom gravrøysene finn ein mindre steinsetningar og ildstader, som ikkje er synlege på overflata. Museet har og erfaringar med andre arkeologiske lokalitetar som har vore tildekte på same vis som i Vereide. På desse lokalitetane har skadene vore mykje større enn antatt.

Universitetsmuseet kan ut frå faglege erfaringar ikkje anbefale at det skjer ytterlegare skade på det aktuelle gravfeltet på Vereide. Det meiner at det ikkje bør tillatast arbeid med nytt dekke og foreslår at det i staden blir soikt om alternativ plassering for ei ny løpebane på Vereide.

Merknader frå Vestland fylkeskommune

I si avgjerd viser fylkeskommunen til at automatiske freda kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs som i utgangspunktet skal vernast og nyttiggjerast best mogleg. Løyve til inngrep kan likevel gis etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiene opp mot private og samfunnsmessige omsyn.

Fylkeskommunen er samd med Universitetsmuseet i Bergen om at det var uheldig å etablere løpebana i gravfeltet. Det er i dag direkte konflikt mellom løpebana og dei tre registrerte gravrøysene under grusbana. Etablering av grusbana har sannsynlegvis ført med seg store negative konsekvensar for kulturminna under løpebana, og det er stort potensial for fleire automatiske freda strukturar her enn dei tre registrerte gravrøysene. I tillegg meiner fylkeskommunen at bana utgjer eit utilbørleg skjemmande tiltak i det store og kulturhistoriske viktige gravfeltet på Vereide. Etablering av eit fast dekke vil gjere den eksisterande løpebana meir permanent.

Fylkeskommunen viser til at omsynet til ivaretaking av barn og unge sine idrettsaktivitetar er svekka sidan løpebana ble etablert i 1985, i og med at Vereide skule no er nedlagt. Eit viktig argument for plassering av løpebana i nærleiken av skulen var m.a. for å kunne nytta bana i undervisninga, ha tilgang til dusj og ein samlingsstad ved skulen.

Fylkeskommunen peikar på at det kan vere eit alternativ å bruke nærliggande idrettsanlegg framfor løpebana på Vereide, alternativt at det blir etablert ein ny løpebane ein annan stad utan konflikt med det automatisk freda og kulturhistorisk viktige gravfeltet.

Nærare om klagene

Klagen frå Opplysningsvesenets fond

Opplysningsvesenets fond (OVF) festar ut grunn på Vereide prestegard til Fjellhug/Vereide idrettslag.

I si klage av 21. november 2020 viser OVF til at fondet som grunneigar ikkje har blitt hørt før fylkeskommunen fatta sitt vedtak. Dette har medført at saka ikkje vart godt nok opplyst, slik at vedtaket må sjåast som ugyldig etter forvaltingslova sine regler.

Vidare viser OVF til at fylkeskommunen og Universitetsmuseet i Bergen sine negative fråsegner om fortsett bruk av den eksisterande løpebana på Vereide, i realiteten er å forstå som ei ekspropriering av tomta utan erstatning og utan at grunneigar er varsla. Dette er på grensa til myndighetsmisbruk; fylkeskommunen har ikkje anledning til blande seg inn i privatrettslege avtaler, som her ei festekontrakt. OVF finn det sterkt kritikkverdig at den einaste instansen som er hørt i saka er Universitetsmuseet i Bergen, som kjempa sterkt i mot etableringa av løpebana i 1985. Endringa det er søkt om må vurderast som naudsynt vedlikehald og oppgradering av bana etter 35 års bruk. OVF stiller òg spørsmål ved museet sin kompetanse til å uttale seg i saka. Prinsippet om kontradiksjon tilseier at både grunneigar og idrettslaget undervegs i prosessen skulle fått høve til å imøtegå museet sitt syn og slik bidra til at saka vart tilstrekkeleg opplyst.

OVF er ikkje samd i fylkeskommunen og Universitetet i Bergen sine vurderingar av tiltaket sin negative innverknad både på gravrøysene som løpebana ligg over og på gravfeltet i det heile. OVF saknar ei nærmare vurdering av kva tiltaket eigentleg går ut på; løpebana vert nytta til trening for barn i alderen 7 – 12 år. For barn og unge er den fysiske nærleiken til fritidstilbod svært viktig. Springande barn med ei vekt mellom 20 og 40 kilo vil ikkje belaste gravrøysene. Snarare tvert i mot vil ei oppgradert løpebane verne grunnen betre enn i dag. OVF peiker på at det er tradisjon for at til dømes jordbruksseigedom kan nyttast sjølv om det finst kulturminne i jorda. I staden må bruken tilpassast slik at omsynet til vern av kulturminne vert ivaretake. Å nekte Fjellhug/Vereide idrettslag å oppgradere løpebana framstår i følgje OVF som maktmisbruk overfor ei foreining som er drive med dugnadsinnsats i 40 år.

OVF peiker på at fylkeskommunen må kunne forventast å ta i vare både omsynet til hensiktsmessig bruk av tomta løpebana ligg på og omsynet til vern av kulturminna. Dersom det er slik at oppgradering av løpebana faktisk vil føre med seg ei negativ effekt på gravrøysene og andre freda strukturer under bana, burde fylkeskommunen ha vurdert om kulturminna kunne gravast opp eller sirkast på anna vis.

Klagen frå Fjellhug/Vereide idrettslag

I sin klage av 8. desember 2020 viser Fjellhug/Vereide idrettslag til at det gamle grusdekket på løpebana er utslite og må fornyast. Skal løpebana tiltrekkje seg aktivitet i dag, er det naudsynt med kunststoffdekke. Vereide har fått mange nye tilflyttarar dei siste åra, og det er såleis mange barn og unge som vil kunne nytte anlegget. Barnehagen som grenser til den eine sida av løpebana, nyttar denne dagleg. Friidretten i området saknar eit meir tenleg baneanlegg. Grunna den kommunale økonomien er rehabilitering og vidare utbygging av friidrettsanlegget i Sandane sett på vent på ubestemt tid.

Idrettslaget finn fylkeskommunen sitt avslag på søknaden om å legge nytt kunststoffdekke på den eksisterande løpebana på Vereide, særslig urimeleg.

Idrettslaget viser til at det nye toppdekket vil være avgrensa til eksisterende areal for løpebana, og ikkje vil føre med seg graving eller anna grunnarbeid.

Klagar viser vidare til at fylkeskommunen i sitt vedtak legg føre ei negativ haldning til den eksisterande løpebana, og hevdar at fylkeskommunen gjennom sitt avslag søker å påverke idrettslaget til å ikkje inngå ei ny festeavtale med OVF for området frå 2025.

Idrettslaget meiner fylkeskommunen sin påstand om at løpebana utgjer eit utilbørleg skjemmande tiltak i høve til det store og kulturhistorisk viktige gravfeltet på Vereide, verkar som eit subjektivt synspunkt. Løpebana ligg heilt i utkanten av gravfeltet, langs gjerdet for den nedlagde skulen/den eksisterande barnehagen, med barnehagen plassert mellom bana og resten av gravfeltet. Resten av dette ytterkantområdet av gravfeltet er opparbeidd som leikeplass, med leikehytter, sandkassar, akebakke og sykkelløype. Løpebana har eit avgrensa arealomfang på totalt ca. 650 m². Det er ikkje realistisk å sjå føre seg ei tilbakeføring av arealet til slik det såg ut før 1985, då den eksisterande bana vart etablert.

Klagar reagerer på at fylkeskommunen i sitt avslag viser til Universitetsmuseet i Bergen si uttale om uro for kva tilstand gravminna under løpebana har i dag og om det har skjedd uopprettelege skader i samband med tildekkinga og i tida som har gått etterpå. Klagar meiner dette ikkje er eit argument som kan nyttast mot søknaden om å legge nytt toppdekke på bana. Forøvrig verkar det uforståeleg at springande barn på 20-40 kg skal kunne skade kulturminne som truleg ligg meir enn ein halv meter ned i bakken. Klagar viser i denne samanhengen til at det etter kulturminnelova i utgangspunktet er lovleg å drive landbruksdrift med både maskiner og beitande storfe innafor automatisk freda kulturminne.

Som argument for at dagens brukarar av løpebana på Vereide heller bør nytte friidrettsanlegget på Sandane, viser fylkeskommunen til at kommunikasjon og transport er enklare i dag enn for 35 år sidan. Idrettslaget peiker på at dei medlemmene som bur lengst vekk frå Sandane då vil få 8 km reiseveg, mot 3 km til anlegget på Vereide, og at det ikkje går fleire busser enn tidlegare mens det generelt har blitt farlegare å gå og sykle langs vegane. I tillegg kan idrettsanlegget i Sandane for tida ikkje nyttast til friidrett, slik at det nærmaste alternative anlegget er i Byrkjelo, 25 km frå Vereide. Ut frå både miljø-, folkehelse- og inkluderingsperspektiv er det viktig å oppretthalde eit tenleg område for idrettsaktivitetar i rimeleg avstand frå der spesielt barn og unge bur.

Når fylkeskommunen viser til at jordvernet ikkje har same posisjon som tidlegare, slik at det kan være eit alternativ å etablere eit meir funksjonelt idrettsanlegg ein annan stad i området som sokner til Fjellhug/Vereide idrettslag framfor å investere i eit anlegg som ikkje vil kunne utvidast grunna plasseringa innafor det automatisk freda gravfeltet, er dette etter klagar sitt syn subjektive og politiske utsegn som ligg utafor saka.

Klagar ser det forøvrig som sterkt beklageleg at fylkeskommunen ikkje har førespurt idrettslaget om utfyllande informasjon i saka.

Fylkeskommunen si vurdering

Rutinar for handsaming av søknader om dispensasjon

Vedrørande klagen frå OVF viser fylkeskommunen til at saka er behandla i tråd med ordinære rutinar for handsaming av søknader om dispensasjon etter kml § 8 første ledd. Idrettslaget har gjort godt greie for behov og synspunkt i sin søknad, og fylkeskommunen har difor vurdert saka som godt nok opplyst til å kunne fatte vedtak, jf. forvaltingslova § 17. Etter fylkeskommunen si vurdering har det ikkje vore behov for å varsle eller på anna vis leggje saka fram for OVF som grunneigar før vedtaket vart fatta.

Fylkeskommunen har lagt til grunn at idrettslaget har grunneigar si godkjenning til å gjennomføre tiltaket det er søkt om, og elles at idrettslaget og grunneigar sine interesser i saka er samanfallande. Fylkeskommunen vurderer vidare at eventuelle sakshandsamingsfeil uansett ikkje har verka inn på innhaldet i vedtaket.

Vurdering av skadelege verknader

Fylkeskommunen tilbakeviser merknadane i klagene både frå OVF og frå Fjellhug/Vereide idrettslag om at korkje etableringa av eit fast dekke på den eksisterande løpebana eller bruken av den oppgraderte bana vil medføre skadelege verknader på gravrøyser og eventuelle andre automatisk freda strukturar i grunnen, samt at den oppgraderte bana ikkje vil verke utilbørleg skjemmande på det store gravfeltet. Fylkeskommunen held fast på beskrivinga av verknadene av tiltaket i vedtaksbrevet og i uttalen til saka frå Universitetsmuseet i Bergen.

Opparbeiding av eit fast dekke stiller krav til underlag og underlagsmassar. Dei skal m.a. vere tunge/stabile nok og drenerande. Det kan i tillegg vere tale om å etablere eit drenssystem under dekket, jf. rettleiar for etablering av friidrettsanlegg. Køyring med maskiner i samband med anleggsarbeidet vil i tillegg føre til ytterlegare press på underliggende massar og strukturar. Det er primært dei skadelege verknadane ved etableringa av den oppgraderte bana som ligg til grunn for avslaget, ikkje bruken av bana.

Fylkeskommunen held fast ved at tiltaket det er søkt om, utgjer eit utilbørleg skjemmande tiltak i høve til det automatisk freda gravfeltet på Vereide. Riksantikvaren har gjort ei klargjering av omgrepene «utilbørleg skjemmande» som ligg tilgjengeleg på nettet. Forbodet mot utilbørleg skjemming gjeld i utgangspunktet visuelle/estetiske tilhøve. Eit nytt fast dekke på løpebana på Vereide vil virke svært negativt for opplevinga av det store gravfeltet på Vereide. Det er ytterlegare svært negativt at anlegget ligg inne i sjølve det automatisk freda kulturminnet.

Til merknaden om at idrettslaget ikkje har blitt førespurt om utfyllande informasjon i saka, svarar fylkeskommunen at den kjenner løpebana og området på Vereide svært godt frå mange synfaringar i andre samanhengar. Idrettslaget sin søknad gjev utfyllande opplysningar om intensjonar og planar for tiltaket. Nærare informasjon om fysiske konsekvensar av det aktuelle tiltaket er henta frå ein rettleiar på nettet om etablering av friidrettsanlegg. Samla sett har fylkeskommunen ikkje sett behov for å innhente ytterlegare opplysningar.

Vurdering av vidareføring av aktivitetene på løpebana

Begge klagene viser til fylkeskommunen sin negative haldning til vidareføring av aktivitetene på den eksisterande løpebana på Vereide. Det er korrekt at fylkeskommunen, mellom anna i brev av 15. juli 2020 og i telefonsamtalar, har formidla at ein - i lys av ny kunnskap om skadeverknader på kulturminna og samfunnsutviklinga generelt i dei 35 åra sidan etableringa av dagens løpebane i 1985 -, ikkje ser det som nokon god og framtidsretta løysing å oppretthalde løpebana innafor det store og kulturhistorisk særskilt grunneigars område. Fylkeskommunen har peika på

alternative og betre lokaliseringsløysingar for løpebana. Sidan OVF er ein stor lokal grunneigar på Vereide, vil ei nyetablering av løpebana ein annan stad i nærområdet ikkje nødvendigvis medføre noko inntektstap for OVF. Desse synspunkta frå fylkeskommunen si side er å rekne som råd for framtida, og inngår ikkje i vedtaket som er påklaga.

Fylkeskommunen som institusjon har fatta vedtaket

Avslutningsvis kommenterer fylkeskommunen formuleringar i spesielt idrettslaget sin klage som gjev inntrykk av at det er sakshandsamar i fylkeskommunen som personleg har fatta vedtaket, og at same sakshandsamar også hadde ei rolle ved etableringa av den eksisterande løpebana i 1985. Ein understrekar at det er fylkeskommunen som institusjon som har fatta vedtaket og vidare at dagens sakshandsamar ikkje var involvert i saka i 1985; den gongen var det Historisk museum i Bergen som hadde forvaltingsansvaret for automatisk freda arkeologiske kulturminne.

Riksantikvaren si vurdering

Generelt

Automatisk freda kulturminne er i kraft av alder og informasjonsverdi dei viktigaste kjeldene til vårt lands historie. Utan særskilt løyve er det ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne jf. kml §§ 3 og 8.

Ein søknad om dispensasjon frå automatisk freding blir vurdert opp mot verdien til kulturminnet og samfunnssnytta tiltaket har. Vestland fylkeskommune er gitt mynde etter kml § 8 første ledd til å avgjere om tiltak kan gjennomførast og eventuelt fastsetje vilkår for løyvet i samsvar med kml § 10.

Varsling av grunneigar

Riksantikvaren er samd med fylkeskommunen i at det ikkje ligg føre særskilde tilhøve som tilseier behov for varsel av og førehandskontakt med grunneigar før vedtak om avslag vart fatta i den aktuelle saka. I kulturmiljøforvaltinga si handsaming av dispensasjonssaker vert det normalt lagt til grunn at det er tiltakshavar/sökjer sitt ansvar å sørge for alle naudsynte avklaringar med grunneigar, kommune mv. Ei dispensasjonssak etter kulturminnelova vil normalt være tilstrekkeleg opplyst gjennom søknaden og (om naudsynt) etterfølgjande kontakt mellom fylkeskommunen som forvaltingsmynde og tiltakshavar/sökjer. Om det i ein einskild sak er behov for førehandskontakt med grunneigar eller andre, må vurderast konkret av ansvarleg forvaltingsmynde. Riksantikvaren kan ikkje sjå at det har vore behov for særskild førehandskontakt med grunneigar i den aktuelle saka, og er samd med fylkeskommunen i at tiltakshavar/sökjer og grunneigar synest å ha samanfallande interesser.

Faren for skade

Det er dei skadelege verknadane ved etableringa av ein oppgradert bane som ligg til grunn for avslaget, ikkje bruken av denne.

Ved synfaringa viste representantane frå kommunen og idrettslaget til at dei meiner at tiltaket kan gjennomførast utan fare for skade på dei kulturminna som ligg under og inntil bana i dag. Løpebana er lagt tvers over sørenden av gravfeltet. Mot aust er bana bygd opp og ligg på ein ca. 1 ½ meter høg voll. Mot vest er det påført mindre masser for å anlegge banen, og det er i dette området bana opphaveleg vart lagt over tre gravrøyser. I tillegg ligg framleis ein synleg gravhaug rett sør for bana. Riksantikvaren oppfattar at Universitetsmuseet i Bergen og fylkeskommunen kjenner dei aktuelle kulturminna og kva dei tåler godt. Dei har og gjort ein reell vurdering av faren for fysiske skadeverknader på registrerte graver og eventuelle/ sannsynlege andre automatisk freda strukturar under bakken som følgje av det omsøkte tiltaket.

Riksantikvaren er samd med fylkeskommunen i at etablering av naudsynt underlag og drenering for det nye dekket på løpebana kan føre med seg fysiske inngrep i grunnen. Køyring med maskiner i samband med anleggsarbeidet vil gje ytterlegare press på underliggende strukturar.

Opplevinga av det freda gravfeltet

På 1990-talet vart E39 lagt om i kommunen. Før gjekk vegen langs sjøen, mens den nye traseen er flytta nordover og lengre opp i terrenget. Den nye vegtraseen deler gravfeltet på Vereide i to, med den største delen nord for vegen og den mindre delen sør for vegen. Etablering av ein ny og meir moderne bilveg vart vurdert som samfunnsmessig viktigare enn å bevare det store gravfeltet udekt. Det er framleis mogleg å oppleve samanhengen mellom dei to delane og dermed gravfeltet som eit heilskapleg kulturminne. I samband med etableringa av den nye vegen vart det gjennomført ei arkeologisk gransking. Det er mellom anna denne granskingsa som dannar bakteppet for Universitetsmuseet i Bergen sin uttale om at det truleg finst andre automatisk freda strukturar under markoverflata enn dei tre gravrøysene som til no er registrerte under løpebana.

Gravfeltet på Vereide er påverka av aktivitetene i nyare tid. Både gjennom etableringa av løpebana i 1985, ny E39 bygd på 1990-talet tvers gjennom gravfeltet og dei faste installasjonane til barnehagen som ligg innafor det automatisk freda kulturminnet. Samla sett bidrar desse tiltaka til å redusere opplevinga av gravfeltet, og Riksantikvaren vurderer at auka bruk til andre formål enn formidling av forhistoria i området på sikt kan bidra til eit endå sterkare press på kulturminna.

Samfunnsnytte

Riksantikvaren forstår at det er ønskeleg med aktivitetar for barn og unge lokalt og at ein ønsker å kunne bruke eksisterande anlegg ved den gamle skulen på Vereide, som nå nyttast av barnehagar. I denne samanheng ser vi det som positivt at det er anlagt ein ny ballbinge på nordsida av hovudvegen, utanfor avgrensinga av gravfeltet. Her kan barn og unge møtast til leik og idrettsaktivitetar. Riksantikvaren ser det likevel som viktig å bevare det store gravfeltet på Vereide med størst mogleg opplevingspotensial. Området har store kulturminneverdiar og det anleggsarbeidet som tiltaket vil krevje vil innebere fare for ytterlegare skade for kulturminna på deler av gravfeltet. Riksantikvaren ser det som særskilt viktig at moglegheita for oppleving av det store forhistoriske gravfeltet på Vereide ikkje forringast ytterlegare. Vi vurderer at det er stort potensial for å formidle dei kulturhistoriske verdiane dette kulturminnet representerer.

Konklusjon

Etter ei total vurdering av saka, finn ikkje Riksantikvaren grunnlag for å oppheve eller endre Vestland fylkeskommune sitt vedtak av 11. november 2020. Klagene vert ikkje tekne til følgje.

Riksantikvaren si avgjerd i klagesaka er endeleg og kan ikkje prøvast vidare, jf. forvaltingslova § 28 tredje ledd første punktum.

Beste helsing

Elisabeth Dahle (e.f.)
avdelingsdirektør

Anne-Judith Munthe-Kaas

seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjend

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Opplysningsvesenets fond		Postboks 535 Sentrum	0105 OSLO
Vestland fylkeskommune		Postboks 7900	5020 BERGEN
Fjellhug Vereide IL			